

Fra: Ruth Larsen (ruth.larsen@austevoll.kommune.no)

Sendt: 24.05.2017 12:40:59

Til: Bjørg Larsen

Kopi:

Emne: Vedkjem tippemidlar kultur

Vedlegg: image001.gif;Døme på rominndeling og møblering av Austevoll folkebibliotek(330472).pdf

Hei, eg viser til hyggeleg telefonsamtale og vil forklare kva tankar vi har gjort oss, i håp om å få flytta tippemiddelpengar vi ikkje kan få utløyst i år, til eit anna verdig kulturprosjekt.

Eg har forklart tidligare at vi ikkje kjem i mål med kultursalen på Selbjørn skule i år. Kostnadane til denne salen har vist seg langt høgare enn tidlegare anteke, og politikarane valde å ta «eit steg om gongen».

Det har skjedd andre spennande ting dei par siste åra, som sett kultursalen i eit nytt lys: Ved Bekkjarvik gjestgiveri er «Løo» etablert. Det er ei stor gamal løe som er gjort om til kulturaktivitetar i tre etasjar. Den dekker mykje av det som var opprinneleg tanke med kultursalen på skulen.

Samtidig skal vi nå få utvida biblioteket på Bekkjarvik brygge med 150 kvadratmeter (+ ca 300 kvm som vi har frå før) og det prosjekterast no eit større løft for at biblioteket skal fylla sine målsettingar: Vere ein møtestad og ein plass for offentleg ordsifte – i tillegg til å stille til disposisjon ulike medier. Vi har fått bistand frå fylkesbibliotekar og støtte til interiørarkitekt.

Eg legg ved flotte teikningar/visjonar for biblioteket. Visjonen er at Austevoll sin «nye» storstue blir et «ladested» og ny møteplass for alle. Det blir tilrettelagt for ulike aktivitetar, sosiale treff gjennom heile dagen og kvelden. Planløysing blir open og oversikteleg med harmoniske rom for fleksibel bruk. Dette vil vere ein stad for formidling og integrering. Det vil vere ei scene og folkeverkstad med plass og utstyr som skal nyttast av alle. Lag og institusjonar skal kunne booke møterom og sjølv stå for alt i samband med dette.

Ein legg opp til at biblioteket skal nyttast i heile senteret si opningstid og vil vere uavhengig av betjening. Med kort skal ein kunne ta seg inn på eiga hand.

Spørsmålet vårt er: Går det an å flytte tippemidlane frå Selbjørn-prosjektet til biblioteket? Vi ser at bibliotek fell inn under kva ein kan søke om tippemidlar til, og vi har ein kostnads kalkyle i inneverande år på om lag 2 mill. kr for å få på plass interiør som hyller, lys, møtemøblement, scene, etc etc.

Ta kontakt om du treng meir informasjon!

På førehand takk!



Ruth Larsen

Kommunalsjef Utvikling - Forvaltning

E-post: ruth.larsen@austevoll.kommune.no

Mobil: 911 73 377

Kontortelefon: 55 08 12 02